



Ved oppteljinga dagen etter i boka med alle signaturane synte det seg at det hadde vore 84 deltakarar med stort og smått på slektstreffet for Klamra-slekto laurdag kveld, melder primus motor Kjell Magne Haugland.

. Han har sendt uskedalen.no to bilete som illustrerar både kosen og det stemningsfulle ved dette uvanlege treffet på Klammeren ein gong i året.

Maren og Kristoffer Haugland har etterkommarar med ei uvanleg sterk tilknytning til opphavsgarden og ei slektskjensle som heller ikkje er heilt vanleg.

- Vi hadde ein svært triveleg kveld også i 2007, er konklusjonen til Kjell Magne.

